



ULVIK HERAD
Skeiesv. 3
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:

10/627-1/K2-L30, K3-&00/RSP

Direkte innval:

Stad/Dato:

29.12.2010

Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning

Vedteke i Ulvik heradsstyre 15.12.2010 sak 68/10 med heimel i forskrift 26. juni 2009 nr. 864 om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) §18 tredje ledd. jf. lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova).

§ 1. Formål.

Formålet med forskrifta er å utsetje fristen for gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret.

§ 2. Utsett frist for gjennomføring av oppmålingsforretning.

Tidsfristen som er satt i matrikkelforskrifta § 18 første ledd gjeld ikkje i perioden 1. november til 15. april.

I dei deler av kommunen kor nødvendige tilkomstvegar er vinterstengt før 1. november eller etter 15. april går ikkje tidsfristen før tilkomstvegane er opna igjen.

§ 3. Ikraftsetjing.

Denne forskrifta trer i kraft same dato som den vert kunngjort i Norsk Lovtidend.